
Arkivkode:

Saksnummer: 2016/2944

Orienteringssak: **b**

Møte: 3. november 2016

Rekneskapsrapport per september 2016

Bakgrunn

Kostnadane på grunntildelinga (GB) har per september vore 5 millionar kroner høgare enn inntektene, og fakultetet overfører dermed eit akkumulert overskot på ca. 4,5 mill.kr til oktober.

Innan bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) har aktiviteten per september vore tydeleg lågare enn budsjettert, og litt lågare enn same periode i fjor. Tilbakemeldingane frå institutta tyder likevel ikkje på at bidragsaktiviteten vil verte lågare enn budsjettert for året sett under eitt. Innbetalingane på BOA har per september vore høgare enn både budsjetterte innbetalingar og innbetalingar i same periode i fjor.

Fakultetsdirektørens kommentar

Den økonomiske situasjonen ved fakultetet er framleis stram, men fakultetet auka i juli prognosen for overføring til 2017 på GB til 5 millionar kroner i overskot, etter å ha styrt mot balanse frå starten av året. Bakgrunnen for auking av prognosen var tildeling av nye studieplassar, samt at tildeling til SFU bioCEED i 2016 for fyrste gang kom via KD. Per september held fakultetet fast på prognosen om overføring til 2017 på 5 millionar kroner i overskot.

Fakultetet endrar i september prognosen for oppdragsaktivitet med 1 million kroner, slik at samla prognose for BOA aktivitet er 365 millionar kroner. Prognose for innbetaling er auka med 10 millionar kroner knytt til EU-innbetalingar. Samla prognose for BOA innbetalingar er 353 millionar kroner.

Forslag til vedtak

Fakultetsstyret tek økonomirapport per september 2016 til orientering.

Bergen, 27. oktober 2016


Elisabeth Müller Lysebo
fakultetsdirektør

Vedlegg: Økonomirapport per september 2016


Økonomirapport MN per september 2016

1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA per september 2010-2016




Figur 2 Utvikling BOA per september 2010-2016



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet per september i perioden 2010 - 2016, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 5,7 % årleg per september i perioden 2010-2016, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg årleg auka på 3,7 % i same periode. På årsbasis er gjennomsnittleg årleg vekst i perioden 5 % for GB og 2,8 % BOA, når ein bruker budsjetterte inntekter for 2016. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekst, og at realveksten altså er noko lågare. Som figur 2 viser, er BOA-aktiviteten per september litt lågare enn i same periode i fjor. NFR-bidragsaktiviteten og oppdragsaktiviteten har auka per september, medan EU-bidragsaktiviteten og annan bidragsaktivitet er redusert.

Per september 2016 kjem 35,8 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 36,6 % på same tid i fjor.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnader GB og BOA per institutt per september 2016



Figur 3 viser korleis kostnadane fordeler seg på GB og BOA per institutt per september. For dei fleste institutta er hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved GFI og GEO er omtrent 50 % av aktiviteten finansiert av BOA. Både KI og GEO har hatt aktivitet knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur som påverkar andelen BOA.

2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) per september 2016 (tal i 1000 kr)

Grunnbevilgning (mill.kr)	Prognose 2016	Årsbudsjett 2016	Budsjett pr september 2016	Rekneskap pr september 2016	Avvik pr september 2016	Avvik %	Rekneskap september 2015	Endring frå september 2015
Inntekter frå KD		-608 454	-444 666	-444 673	7	0,0 %	-435 070	2,2 %
Andre inntekter		-15 000	-7 480	-8 575	1 095	14,6 %	-12 080	-29,0 %
Inntekter		-623 454	-452 146	-453 248	1 102	0,2 %	-447 151	1,4 %
Investeringar		11 038	11 409	12 622	-1 213	-10,6 %	8 282	52,4 %
Lønskostnadar		473 682	341 256	341 699	-444	-0,1 %	330 712	3,3 %
Andre driftskostnadar		115 546	84 329	67 937	16 393	19,4 %	67 571	0,5 %
Internhandel med meir		32 742	34 156	36 011	-1 856	-5,4 %	30 859	16,7 %
Kostnadar		633 008	471 149	458 269	12 880	2,7 %	437 423	4,8 %
Driftsresultat		9 554	19 003	5 021	13 982		-9 727	
Saldo overført frå forrige år		-9 554	-9 554	-9 556	2		-15 821	
Saldo overført til neste periode	5 000	0	-9 449	4 535	-13 984		25 549	
Sum		0	0	0	0		0	

Fakultetet auka per juli prognosen, etter å ha styrt mot budsjettbalanse frå starten av året. Bakgrunnen for auke av prognosen var tildeling av nye studieplassar, samt at tildeling til SFU bioCEED i 2016 for fyrste gong kom via KD. Per september held fakultetet fast på prognosen om overføring til 2017 på 5 millionar kroner i overskot.

Inntektene frå KD har per september vore som budsjettert. Inntektsavviket skuldast at instituttinntektene per september har vore ca. 1 million kroner høgare enn budsjettert. Avviket i instituttinntekter fordeler seg mellom institutta, der somme har positive og andre negative avvik.


Kostnadane har per september vore lågare enn budsjettert, men 4,8 % høgare enn i same periode i fjor. Samanlikna med budsjettet har andre driftskostnadar vore lågare enn budsjettert per september ved dei fleste institutta. Dette skuldast delvis at det jamt over er budsjettert med for høge driftskostnadar i starten av året. Det at andre driftskostnadar er på nivå med kostnadar i denne kategorien i same periode i fjor illustrerer dette. Vidare er det forseinkingar i aktivitet ved SKD, og delar av avviket må sjåast i samanheng med det negative avviket i investeringar då det ved ein feil er budsjettert noko som andre driftskostnadar på utstyrsprosjektet. Investeringane ventast å kome opp mot 15 millionar kroner ved årsslutt.

Lønnskostnadane har vore noko høgare enn i same periode i fjor, men tilnærma lik budsjett samla sett, med noko større avvik mellom institutta. Merk også at lønn til faste tilsette har vore lågare enn budsjettert, medan midlertidige lønnskostnadar (inkluderer vikarar, sensur osv.) har vore høgare enn budsjettert.

Netto interne kostnadar har vore noko høgare enn budsjettert, og det er nokre positive og nokre negative avvik mellom dei ulike interne kostnadsartane. Det er mellom anna eit større negativt avvik (ca. 8 mill.kr) knytt til ei teknisk omlegging i rekneskapet ved at avvik mellom kostnadar og avtalebeløp i prosjektmodulen PA no vert synleg som kostnad på GB. Slike avvik skuldast oftast at det er kostnadsført meir enn avtalebeløp på prosjekta, og store avvik her skuldast i all hovudsak at ein ventar på ny kontrakt før ein kan oppjustere avtalebeløp. Reelle overforbruk på prosjekta er andre grunnar til at slike avvik kan oppstå, men desse avvika vil normalt ha lågare omfang. Fakultetet følgjer overforbruket på eksterne kundar nøye, og har inkludert eige oppsett for oppfølging av dette i rapporteringsmalane institutta får tilsendt i samband med avviksrapportering. Tilbakemeldingane frå institutta tyder på at ca. 0,5 – 0,6 millionar kroner av avviket er reelle overforbruk der ein må finne dekking i andre eksterne prosjekt eller på grunnbevilgninga.


Figur 4 viser budsjetterte og rekneskapsførte kostnadar på GB per måned for fakultetet sett under eitt. Som figuren viser har rekneskapen per september i relativt stor grad følgd same mønster som budsjettet.

Figur 4 Budsjett og rekneskap per måned 2016 (tal i 1000 kr)



Figur 5 viser talet på faktiske stipendiat- og postdoktorårsverk per september 2016 samanlikna med årets tildeling per institutt. Samla sett har fakultetet per september ingen lediggang i rekrutteringsstillingar.

Figur 5 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk per september og tildeling 2016



På motpart 81 har både investeringane og avskrivningane vore høgare enn budsjettert. Pr september har det blitt skrevet av utstyr for ca. 29 millionar kroner, medan investeringane har vore på ca. 25 millionar kroner, mykje pga. investeringar på BOA ved GEO. Investeringar i nasjonal infrastruktur ved KI på vel 20 millionar kroner er foreløpig ikkje overført til motpart 81.

3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 2 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per september 2016 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet	Prognose 2016	Årsbudsjett 2016	Budsjett pr september 2016	Rekneskap pr september 2016	Avvik pr september 2016	Avvik %	Rekneskap pr september 2015	Endring fra september 2015
Tilskot/Innbetalningar								
Norges forskingsråd	-230 000	-230 000	-175 317	-183 409	8 092	4,6 %	-180 819	1,4 %
EU	-40 000	-30 000	-31 426	-36 065	4 639	14,8 %	-19 611	83,9 %
Andre bidrag	-80 000	-80 000	-61 159	-49 712	-11 447	-18,7 %	-62 376	-20,3 %
Oppdrag	-3 000	-3 000	-667	-1 918	1 251	187,6 %	-3 829	-49,9 %
Sum	-353 000	-343 000	-268 568	-271 104	2 536	0,9 %	-266 636	1,7 %
Aktivitet/kostnader								
Norges forskingsråd	225 000	225 000	184 911	153 481	31 429	17,0 %	150 027	2,3 %
EU	41 000	41 000	37 722	32 430	5 292	14,0 %	34 513	-6,0 %
Andre bidrag	94 000	94 000	84 760	62 716	22 044	26,0 %	72 010	-12,9 %
Oppdrag	5 000	4 000	4 072	4 203	-130	-3,2 %	1 860	126,0 %
Sum	365 000	364 000	311 465	252 829	58 635	18,8 %	258 409	-2,2 %
Saldo overført frå forrige år								
Norges forskingsråd	4 408	4 408	4 408	4 408	0	0,0 %	-10 308	-142,8 %
EU	-25 998	-25 998	-25 998	-25 998	0	0,0 %	-31 055	-16,3 %
Andre bidrag	-39 036	-39 036	-39 036	-39 036	0	0,0 %	-44 192	-11,7 %
Oppdrag	-7 078	-7 078	-7 078	-7 078	0	0,0 %	-3 737	89,4 %
Sum	-67 704	-67 704	-67 704	-67 704	0	0,0 %	-89 291	-24,2 %
Saldo overført til neste periode								
Norges forskingsråd	592	592	-14 002	25 522	-39 524	-282,3 %	41 100	-37,9 %
EU	24 998	14 998	19 702	29 633	-9 931	-50,4 %	16 153	83,5 %
Andre bidrag	25 036	25 036	15 435	26 032	-10 597	-68,7 %	34 558	-24,7 %
Oppdrag	5 078	6 078	3 673	4 794	-1 121	-30,5 %	5 706	-16,0 %
Sum	55 704	46 704	24 808	85 981	-61 174	-246,6 %	97 517	-11,8 %
Sum	0	0	0	2	-2		0	

Tabell 2 viser at aktiviteten samla sett per september 2016 er 18,8 % lågare enn budsjettert, men berre 2,2 % lågare enn i same periode i fjor. Aktiviteten har vore lågare enn budsjettert for alle finansieringskjelder unntatt oppdragsaktivitet, og avviket skuldast mellom anna forseinka oppstart på fleire prosjekt, t.d. ICOS, FIX-03 og BFS-prosjekt ved GFI og forskarskule og toppforsk-prosjekt ved IFT, samt forseinkingar på algepilot-prosjekt ved BIO. I tillegg fører den tekniske omlegginga i rekneskapet ved at avvik mellom kostnader og avtalebeløp i prosjektmodulen PA no vert synleg som kostnad på GB, tilsvarande lågare aktivitet på BOA.

Tilbakemeldingane frå institutta tyder likevel ikkje på at bidragsaktiviteten vil verte lågare enn budsjettert for året sett under eitt, og fakultetet held per september fast på prognosane om bidragsaktiviteten lik budsjettmål for 2016. Prognose for oppdragsaktivitet aukast noko i samband med at KI ventar aktivitet på nytt oppdragsprosjekt finansiert av Statoil. Samla prognose for eksternfinansiert aktivitet i 2016 er dermed auka med 1 million kroner til 365 millionar kroner.


Innbetalingane frå BOA har per september samla sett vore omtrent som budsjettert. Innbetalingane har vore høgare enn budsjettert for alle finansieringskjelder, med unntak av annan bidragsaktivitet, der innbetalingane har vore lågare enn budsjettert. Avviket frå budsjett skuldast mellom anna at innbetalingane frå NFR kom tidlegare enn budsjettert for fleire store prosjekt, samt fyrste innbetaling på nye prosjekt som det ikkje var tatt høgde for i budsjettet.

Tilbakemeldingane frå institutta gjev ikkje grunnlag for å tru at innbetalingane vil avvike i betydeleg grad frå budsjettmål for NFR-bidragsaktivitet, annan bidragsaktivitet eller oppdragsaktivitet, og fakultetet held derfor fast på prognose om innbetalingar lik budsjettmål 2016 for desse finansieringskjeldene. Innbetalingar frå EU-bidragsaktivitet er per september høgare enn budsjettmål og tilbakemeldingane frå institutta tyder på at innbetalingane vil verte endå høgare. Prognosen for innbetalingar frå EU-bidragsaktivitet er derfor auka til 40 millionar kroner. Samla prognose for innbetalingar er derfor auka med 10 millionar kroner til 353 millionar kroner.

Tabell 3 BOA-aktivitet per institutt per september 2016 (tal i 1000 kr)

Finansieringskilde	MN-felles	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	46	529	995	76	11	248	2 297	0	4 203
2. NFR - bidragsaktivitet	0	5 619	11 818	20 698	29 904	4 511	20 220	27 418	31 705	1 589	153 481
3. EU - bidragsaktivitet	0	-10	3 004	5 759	147	0	4 818	11 332	7 379	0	32 430
4. Annen bidragsaktivitet	1 603	2 224	4 413	5 903	3 193	4 817	4 485	25 319	10 757	0	62 716
Sum	1 603	7 833	19 282	32 889	34 240	9 404	29 534	64 317	52 138	1 589	252 829
Prosent av samla BOA	0,6 %	3,1 %	7,6 %	13,0 %	13,5 %	3,7 %	11,7 %	25,4 %	20,6 %	0,6 %	100,0 %

Figur 6 BOA-aktivitet per institutt per september 2016 (tal i 1000 kr)



Tabell 3 og Figur 6 viser BOA-aktivitet per institutt per september 2016. Samla aktivitet, EU-bidragsaktivitet og annan bidragsaktivitet har alle vore størst ved GEO, medan NFR-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet har vore størst ved BIO.

Tabell 3 viser i tillegg fordelinga av BOA-aktivitet ved fakultetet. Det har per september vore størst aktivitet ved GEO og BIO, og desse to institutta står samla sett for 46 % av BOA-aktiviteten ved fakultetet.

4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

SKD overførte ca. 11 millionar kroner frå 2016, og prognosen for overføring til 2017 er per september framleis på 7 millionar kroner. SKD melder om litt forseinka aktivitet i høve til budsjett.

5. Vedlegg

5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildelinga (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerkta tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).